



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	24.08.2020	141/20

Forslag til planstrategi 2020-2023 og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2021-2032

Innstilling:

Forslag til planstrategi 2021-2024 med planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2021-2033 blir lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i tidsrommet 3. september – 15. oktober 2020, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1, 10-1, 11-12 og 11-13.

24.08.2020 Giske formannskap

Endringsforslag frå Marit G. Alnes (KrF):

"Endring av påpeika satsingsområde i planstrategien pkt. 4.1:

Fiskeri- og havbrukskommunen Giske

Infrastruktur og transport

Matkommunen Giske

Kreative næringar, reiseliv

Identitet og omdømme"

Innstilinga og Marit G. Alnes sitt endringsforslag vart samrøystes godkjend.

F- 141/20 Vedtak:

Forslag til planstrategi 2021-2024 med planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2021-2033 blir lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i tidsrommet 3. september – 15. oktober 2020, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1, 10-1, 11-12 og 11-13.

Endring av påpeika satsingsområde i planstrategien pkt. 4.1:

Fiskeri- og havbrukskommunen Giske

Infrastruktur og transport
Matkommunen Giske
Kreative næringer, reiseliv
Identitet og omdømme.

Vedlegg:

Planstrategi 2020-2024 og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel Nytt Microsoft Word-dokument (832919)

Saksutgreiing:

Giske kommunestyre vedtok på møte den 05.02.2020, sak 030/20, følgjande:

Giske kommunestyre vedtar å slå saman arbeidet med kommunal planstrategi og oppstart av arbeidet med kommuneplan, samfunnsdelen i tråd med plan- og bygningslova §10-1, siste ledd. Arbeidet med planstrategi startar opp umiddelbart i tråd med kommunedirektørens forslag til framdriftsplan. Arbeidet blir organisert slik kommunedirektørens forslag viser, med ei administrativ arbeidsgruppe og formannskapet som styringsgruppe.

Den 18.05.2020 orienterte administrasjonen formannskapet om opplegget/disposisjonen for planarbeidet og formannskapet (kommuneplanutvalet) vart utfordra på ei rekkje spørsmål. – Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Kommuneplanutvalet behandla saka på nytt den 22.06.2020 og gjorde følgjande vedtak:
Administrasjonen skal arbeide vidare med innspela som vart drøfta, og saka skal behandlast på første møte etter ferien, før utlegging av forslag til planstrategi.

På grunn av av koronapandemien har prosessen vore krevande, mellom anna vart planlagt strategisamling for kommunestyret den 15. april avlyst. Møter i administrativt planforum er halde i Teams.

Heimelsgrunnlaget

Plan- og bygningslova kap 4, 10 og 11

Økonomiske konsekvensar:

Blir avklart i planprosessen

Vurdering:

I forslaget til planstrategi er det lista opp tre hovudutfordringar:

- Demografi - handtere den forventede folketalsauken
- Næringsutvikling - auke arbeidsplassdekninga i kommunen
- Bukommune - oppretthalde eit godt tenestetilbod i ei økonomisk krevande tid

Desse utfordringane vil danne vidare grunnlag for diskusjonar i kommuneplanens samfunnsdel. Eit spørsmål blir om Giske kommune har dei overordna planane som kommunen treng for møte dei moglegheitene og utfordringane kommunen står overfor?

Oversikta over kommunale planar med status og planlagt prioritering er revidert. Her er det stort sett berre obligatoriske planar som blir rullert og nokre nye. Det er lagt opp til at dei ulike sektorane skal gjere planarbeidet sjølve, ulempene med det er at det går ut over anna

arbeid som dagleg drift. Kommunedelplan trafikktrygging er ført opp med ein kostnad, - det er svært viktig å ha ein oppdatert trafikktryggingsplan og i mange høve er det ein føresetnad å ha ein slik plan for å få tilskotsmidlar. Områdeplan for delsenter Roald er ei naturleg oppfølging av gjeldande arealplan for å få til ei naudsynt utvikling av tettstaden. Dette planarbeidet er og oppført med ein stipulert kostnad.

Arealplanen vart vedtatt i juni 2018 og administrasjonen meiner at denne generelt har stått seg bra, men ein har oppdaga viktige detaljar for revisjon.

Politisk har det lenge vore eit tema om korleis ein kan styre busetnadsveksten til ulike område i kommunen i prioritert rekkefølge. Ein ønskjer her å kunne syne fortettingsstrategi, soneinndeling og utbyggingstakt i dei ulike sonene iflg. forventede busetnadsvekst.

I forslag til planstrategi er det peika på at denne problemstillinga kan og må løysast i samband med rullering av kommuneplanens arealdel. Vi vil her leggje til at ein i dette arbeidet og inkluderer helse- og omsorg der det er vekst i alle tenester og stort behov for fleire ulike typar bustader.

Kommunen har for komande kommuneplanrulling valgt å slå saman planstrategien og planprogrammet for kommuneplanen. Den kommunale planstrategien må då følgje prosessreglane som er stilt til planprogrammet, jf. pbl. § 11-13. Dokumentet må derfor sendast på høyring i minst seks veker.

Kommunedirektøren tilrår for kommuneplanutvalet å leggje forslag til planstrategi 2021-2024 med planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2021-2033, ut til høyring og offentlig ettersyn iflg. plan- og bygningslova.